



EID KOMMUNE

Møtebok

| SAKSGANG | | | |
|---------------------------|------------|--------|-----------|
| Styre, utval, komite m.m. | Møtedato | Saksnr | Saksansv. |
| Formannskapet | 22.01.2015 | 017/15 | ELE |
| Kommunestyret | 29.01.2015 | 018/15 | ABJ |

| | | |
|--|-------------------------------------|------------------------------|
| Avgjerd av: Saksbehandler: Elin Leikanger | Arkiv: N61 Objekt: | Arkivsaknr 14/2074 |
|--|-------------------------------------|------------------------------|

Postlov og postforskrift - høringsuttale frå Eid kommune

Prenta vedlegg:

1. Høringsnotat – ny postregulering, frå samferdsledepartementet 22.10.2014
2. Informasjonsmateriell og uttale frå Postkom

Kva saka gjeld

Samferdsledepartementet har sendt utkast til ny postlov og postforskrift ut på høyring med frist 26. januar 2015 for å gje innspel. Lovutkastet implementerer EU sitt tredje postdirektiv, noko som medfører full liberalisering av postmarknaden. I dag er det fri konkurranse for pakkar og brev over 50 gram. Framlegget inneber at Posten Norge AS sin einerett på distribusjon av brev under 50 gram vert oppheva. Saka gjeld Eid kommune sin uttale til høringsnotatet om utkast til ny postlov og postforskrift.

Bakgrunn

Høringsnotatet gjer greie for dei viktigaste punkta i utkastet til ny postregulering. Samferdsledepartementet har utarbeidd framlegg til ny lov for å:

- gjennomføre EU sitt tredje postdirektiv
- oppdatere regelverket som følgje av endringar i postmarknaden sidan siste revisjon av postregelverket
- sikre ein minimumsstandard for kommersielle tilbod av sikker digital postteneste når det gjeld angår tryggleik og notoritet (etterviseleg og kontrollerbar)

- styrke brukarane sine rettar
- innarbeide relevante internasjonale plikter i Verdenspostkonvensjonen

Samferdsledepartementet spør særskilt om høyringspartane sitt syn på følgjande to framlegg:

- Laurdagsomdeling
- Sikker digital postteneste

Saksutgreiing

Gjennomføring av tredje postdirektiv

Den største endringa i norsk rett er at Posten Norge AS sin einerett på formidling av brev under 50 gram vert oppheva. I dag er det fri konkurranse for pakkar og brev over 50 gram. Samferdsledepartementet har utgreidd konsekvensane av liberalisering i postmarknaden i fleire rapportar. Desse rapportane konkluderer med at liberalisering av den norske postmarknaden er samfunnsøkonomisk lønsam. Det konkluderer også med at det ikkje vil gje negative konsekvensar for tenestetilbodet i distrikta så lenge leveringspliktig tilbydar får finansiert ulønnsemd knytt til leveringsplikt over statsbudsjettet.

5 dagars postomdeling

Departementet foreslår å redusere tal omdelingsdagar for postsendingar frå seks til fem dagar pr. veke. Bakgrunnen for dette er nedgangen i brevmengda, der laurdagar no utgjer berre ein fjerdedel av volumet som går ut på kvardagar. Framlegget vil spare staten for 400 mill. kroner i årlege utgifter. Men det er samstundes trong for nye løysingar for einsskilte posttenester. Dette skal løysast gjennom særskilde avtalar og lokale løysingar for dei ulike tenestetilboda, og vil mellom anna gjelde for innsamling og distribusjon av førehandsrøster ved stortings- og lokalval, og for leveranse av medisin. I sentrale strok skal ekspressendingar framleis leverast ut på laurdagar.

Når det gjeld utlevering av aviser på laurdagar, vert to alternative framlegg sendt på høyring:

Alt. 1: Leveringsplikt for avisomdeling på laurdagar i område som ikkje har eit alternativt avisdistribusjonsnett. Dette vert stipulert til å gjelde ca. 15 % av alle aviser.

Alt. 2: Ingen leveringsplikt for laurdagsomdeling av aviser. Levering vil berre skje på kommersielle vilkår. Argumentet for alternativ 2 er aukande bruk av nettaviser/elektroniske løysingar. Likebehandling av aviser og anna post tilseier også at kravet om omdeling av aviser på laurdagar skal avviklast. Kostnaden for leveringsplikt for avisomdeling på laurdagar ligg på 50 – 120 mill. kroner årleg. Departementet ber om innspel på behov for statleg kjøp av ei slik teneste.

Sikker digital postteneste

Utkast til ny postlov og -forskrift inneheld framlegg til minimumsregulering av sikker digital postteneste. Dette vert gjort for å legge til rette for auka bruk av elektroniske posttenester med høgare tryggleiksnivå enn vanleg e-post. Sikker digital postteneste skal oppfylle fastsette krav til tryggleik. Tryggleiksnivået skal vere tilstrekkeleg for å ivareta naudsynt informasjonstryggleik for den einsskilte sendinga. Departementet ser det ikkje som tenleg å definere klare tekniske krav til sikker digital postteneste fordi teknologien er i stadig endring.

Når det gjeld kravet til *notoritet*, så er dette knytt til at den sikre digitale posttenesta skal

tilfredsstillte same krav til etterprøvbarheit og truverde som den alternative, papirbaserte tenesta. Departementet spør om tilbakemelding på om regulering av sikker digital postkasse er formålstenleg og eigna til å fremje utvikling av sikre og gode digitale posttenester.

Vurdering

Det er viktig for Eid kommune å ha eit godt tenestetilbod både for næringsliv og private husstandar. Slik posttenesta fungerer i dag er Posten Norge AS ein sentral del i vår felles infrastruktur og syter for gode posttenester i heile kommunen. Det er særskild viktig at endringar i postlov og postforskrifter ikkje fører til dårlegare posttenester. Det er ein reell fare for at endringsframlegga bidreg til dårlegare og dyrare posttenester for dei som bor i distrikta, medan konkurranse i marknaden gjev rimelegare tenester i sentrale strøk.

Framlegget om reduksjon frå seks til fem dagars postomdeling vil bidra til eit dårlegare posttilbod for innbyggjarar og næringsliv i distrikta, inkludert vår kommune. Postomdeling laurdagar er særleg viktig med omsyn til å få distribuert aviser.

Det er stor nedgang i postomdeling på laurdagar samanlikna med vekedagar, sidan mykje post vert levert elektronisk. Samstundes er det framleis mange innbyggjarar som ikkje har god nok tilgang til elektroniske hjelpemiddel og nett, eller av ulike årsaker ikkje er brukarar av internett og andre digitale løysingar. På bakgrunn av prinsippet om lik tilgang til tenester uansett bustad, bør seks dagars omdeling av post difor halde fram som før.

Dersom departementet sitt framlegg om å innføre fem dagars omdeling vert gjennomført, må alternativ 1 leggjast til grunn for å sikre at innbyggjarane framleis kan få laurdagsavisene. I store delar av kommunen er det ikkje andre distribusjonskanalar enn Posten, og kommersielle løysingar er uaktuelle i desse områda.

Staten må også utarbeide gode og sikre løysingar som ivaretek spesielle posttenester som førehandsrøyser ved stortings- og lokalval og medisinsomdeling.

Administrasjonen finn det er rett og viktig å få på plass ein lov som regulerer ei sikker digital postteneste. Den elektroniske og digitale utviklinga gjer at stadig mindre post vert sendt på tradisjonelt vis. Det er eit også krav at all offentleg post skal tilpassast digitale løysingar. E-post, SMS og sosiale media dekkjer i stor grad innbyggjarane sitt daglege kommunikasjonsbehov, men denne typen kommunikasjon har ikkje tilstrekkelig tryggleik og notoritet til å spore sendingar eller sende konfidensiell informasjon.

Det er eit mål å leggje til rette for auka bruk av elektroniske posttenester. Med dette som bakgrunn er difor viktig å få på plass ei minimumsregulering som sikrar eit grunnleggjande forbrukarvern knytt til dei digitale posttenestene.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Eid kommune gjev følgjande uttale til høyringsnotat om ny postregulering:

1. 6 dagars postomdeling må halde fram som før.
2. Dersom 5 dagars postomdeling vert innført, må alternativ 1 leggjast til grunn.
3. Det må innførast ei minimumsregulering av sikker digital postteneste.

22.01.2015 FORMANNSKAPET

Fellesframlegg frå formannskapet som tillegg til rådmannen si tilråding: Ordføraren får i oppdrag å utarbeide ein meir utfyllande høyringsuttale.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

F-017/15 VEDTAK, SOM INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

Eid kommune gjev følgjande uttale til høyringsnotat om ny postregulering:

1. 6 dagars postomdeling må halde fram som før.
2. Dersom 5 dagars postomdeling vert innført, må alternativ 1 leggjast til grunn.
3. Det må innførast ei minimumsregulering av sikker digital postteneste.

Ordføraren får i oppdrag å utarbeide ein meir utfyllande høyringsuttale.

29.01.2015 KOMMUNESTYRET

Ordføraren la fram framlegg til høyringsuttale frå Eid kommune.

Framlegg frå Magnar Aase (Ap) om følgjande tilleggspunkt i høyringsuttalen frå Eid kommune:

Eid kommune går i mot å opne for full konkurranse på postmarknaden og fjerne einhetsporto og eineretten til posten Norge.

Det vart røysta alternativt over innstillinga frå formannskapet med tilleggstekst utarbeida av ordføraren og framlegget frå Magnar Aase.

Framlegget til Magnar Aase fekk 20 røyster og vart vedteke.

KS-018/15 VEDTAK:

Uttale til ny postlov og postforskrift

God infrastruktur, som omfattar gode posttenester, er avgjerande for alle kommunar. Framlegget til ny postlov og implementering av EU sitt tredje postdirektiv kan få store konsekvensar for posttenestene, særleg i distrikta. Eid kommune er avhengig av at våre innbyggjarar og næringsliv har like gode vilkår, inkludert posttenester, som elles i landet.

Forslag til ny postlov opnar for full konkurranse på postmarknaden og fjernar einhetsporto og eineretten til Posten Norge. Dette lovforslaget fjernar grunnlaget for det spleiselaget som hittil har sytt for likeverdige posttenester til lik pris over hele landet.

Det er stor nedgang i postomdeling på laurdagar samanlikna med vekedagar, sidan mykje post vert levert elektronisk. Samstundes er det framleis mange innbyggjarar som ikkje har god nok tilgang til elektroniske hjelpemiddel og nett, eller av ulike grunnar ikkje er brukarar av internett og andre digitale løysingar. På bakgrunn av prinsippet om lik tilgang til tenester uansett bustad, bør seks dagars omdeling av post difor halde fram som før. Dersom 5 dagars

postomdeling vert innført, må alternativ 1 leggjast til grunn, for å sikre avisomdeling på laurdagar over heile landet..

Eid kommune finn at det er rett og viktig å få på plass ei lov som regulerer ei sikker digital postteneste. Den elektroniske og digitale utviklinga gjer at stadig mindre post vert send på tradisjonelt vis. Det er også eit krav at all offentleg post skal tilpassast digitale løysingar.

E- post, SMS og sosiale media dekkjer i stor grad innbyggjarane sitt daglege kommunikasjonsbehov, men denne typen kommunikasjon har ikkje nødvendigvis tilstrekkeleg tryggleik og notoritet til å spore sendingar eller sende konfidensiell informasjon.

Eid kommune meiner det er eit mål å leggje til rette for auka bruk av elektroniske posttenester. Med dette som bakgrunn er det difor viktig å få på plass ei minimumsregulering som sikrar eit grunnleggjande forbrukarvern knytt til dei digitale posttenestene.

Ut frå dette kan ikkje Eid kommune støtte det utsende framlegget til ny postregulering slik det ligg føre, og vil gje følgande uttale:

1. 6 dagars postomdeling må halde fram som før.
2. Dersom 5 dagars postomdeling vert innført, må alternativ 1 leggjast til grunn.
3. Det må innførast ei minimumsregulering av sikker digital postteneste.
4. Eid kommune går i mot å opne for full konkurranse på postmarknaden og fjerne einhetsporto og eineretten til posten Norge.

Åslaug Krogsæter
-rådmann-